

Kollektivt minne som faktor i norsk målstrid

Ein studie med utgangspunkt i stortingsdebatten om jamstellingsvedtaket 1885

Det såkalla "jamstellingsvedtaket" har vorte ståande som ei av dei aller viktigaste hendingane i etableringa av nynorsk skriftkultur og i norsk språkhistorie i det heile. Stortinget slo med dette prinsippvedtaket 12. mai 1885 fast at "det norske Folkesprog" skulle "sidestilles med vort almindelige Skrift- og Bogsprog" som skulemål og offisielt mål. Dei neste tiåra vart dette ein grunnstein og eit fast referansepunkt for arbeidet med å utvida lovgrunnlaget for den språklege jamstellinga. At målrørsla framleis ser på vedtaket som ein milepåle i den nynorske målreisinga, blir understreka av at det vart laga ei stor jubileumsmarkering i 1985 der klimaks var opninga av nybygget til Det Norske Teatret.

Denne jubileumsmarkeringa og debatten om jamstellingsvedtaket kunne vore ein innfallsvinkel i seg sjølv til å studera vedtaket i lys av teoriar om kollektivt minne. Fokuser her er likevel eit anna, nemleg i kva grad ulike kollektive minne og førestillingar om språk, språkhistorie og 'det norske' i vidare meining kom til uttrykk og var formande i stortingsordskiftet om jamstellingsvedtaket i 1885. Eit sentralt føremål er å sjå om metodiske grep frå studiet av kollektivt minne kan kasta fruktbart ljos over norsk språkhistorie som forskingsfelt. Ein skulle i utgangspunktet tru at språkhistorie og språkpolitikk låg godt til rette for ein slik innfallsvinkel. Førestillingar om fortida har spela ei sentral rolle i legitimeringa av ulike standpunkt i den norske målstriden, og historiske argument har hatt og har framleis ein sentral plass i språkdebatten.

Det er òg eit siktemål med denne granskninga å vurdera i kva grad dei ulike retningane innanfor teorien om kollektivt minne høver på kjeldetilfanget. Utgangspunktet for drøftinga i avslutningskapitlet vil vera dei fire retningane Barbara A Misztal skildrar.¹

¹ Misztal 2003, kap. 3.

Realhistorisk kontekst

Utgangspunktet her er ikkje realitetane i sakene som var drøfta og heller ikkje kva syn på målstriden meir allment som kjem til uttrykk gjennom kjeldene. Likevel er det naudsynt med ei viss realhistorisk plassering av stortingsdebattane.

Jamstellingsvedtaket var eit resultat av ein omfattande politisk pressaktivitet frå målrørsla.² Landsmålet som lingvistisk alternativ var grunnlagt av Ivar Aasen i 1840- og 50-åra, og gjennom 1860- og 70-åra stod landsmålet òg fram som eit litterært og språkpolitisk alternativ. Det nye språket hadde framleis få brukarar og ein avgrensa litteratur i ryggen, men måltanken hadde byrja å fengja, ikkje minst i skule- og lærarmiljø utover i landet. Frå kring 1880 greidde den stadig sterkare målfraksjonen i Venstre-rørsla å få målsaka fram som ei sentral symbolsak for partiet, og særleg viktig var det at komande statsminister Johan Sverdrup var ein varm ven av landsmålet.

Det språkpolitiske skiljet i Stortinget fylgte i desse åra heilt ut partiskiljet mellom Høgre og Venstre, og valsigeren til Venstre i 1882 og regimeskiftet i 1884 gjorde jamstellingsvedtaket mogleg på eit tidspunkt då landsmålet framleis berre vart brukt av nokre svært få. Debatten om vedtaket var ein av dei mest prinsipielle og omfattande språkdebattane Stortinget har hatt. Han gjekk over fem dagar i april-mai 1885 og fyller oppunder 100 tettskrivne tospalta sider i Stortingstidende. Formelt femnde debatten om to ulike saker. I statsbudsjettet hadde Sverdrup-regjeringa gjort framlegg om kr 5000 i tilskot til landsmålskurs for lærarar, og opposisjonen valde å ta den prinsipielle måldebatten på denne saka.³ Det private framlegget frå fire stortingsrepresentantar om jamstelling mellom "Folkesproget" og "Skriftsproget" kom opp ei veke etter, og denne debatten vart meir å rekna som ei etterdønning.⁴

Høgre gjekk som sagt samla imot jamstellingsvedtaket, medan heile Venstre-gruppa så nær som ein representant røysta for vedtaket. Likevel var fleire enn to syn på målspørsmålet representerte i Stortingssalen. Av Venstre-representantane som tok ordet, støtta ein flokk landsmålet og hovudstraumen i målrørsla og markerte ein klar front til det rådande dansk-norske skriftmålet. Ein annan flokk stod på ei meir brokut språkreformistisk line som ynskte å byggja bru mellom målreisingsprosjektet til Ivar Aasen og oppnorskingslinia til Knud Knudsen. Det var klare nyansar mellom dei, men sams for denne

² Det finst ei rad arbeid om jamstellingsvedtaket. Dei historiefaglege hovudverka er Haugland 1974 og Haugland 1985.

³ St.tid. 1885, Forhandlinger i Storthinget, s. 509-585; 29. og 30. april og 2. mai.

⁴ St.tid. s. 737-745 og 750-760; 9. og 12. mai.

flokken var det synet at den framtidige skriftspråklege utviklinga i Noreg var ein open prosess der korkje dansk-norsk, det eksisterande landsmålet eller Knudsens normal representerete det som ville bli 'framtidsnorsken'. Innanfor Høgre-gruppa var motstanden mot landsmålsframlegga unison, men også her fanst det nyansar i synet på Knudsens oppnorskingsline.

Måldebattane i Stortinget tok formelt sett utgangspunkt i tre ulike saker, og kronologien er ikkje uvesentleg. Den fyrste, som formelt stod på sakskartet 29. april, var løyving til landsmålskurs for lærarar i kyrkje- og skuledelen av statsbudsjettet. Venstre-fleirtalet i Kyrkjekomiteen hadde i innstillinga si 10. april auka regjeringa sitt framlegg på kr 5000 til desse kursa til kr 6000.⁵ Den 11. april kom så innstillinga der fleirtalet i Kyrkjekomiteen rådde Stortinget til å vedta jamstellingsvedtaket, og dette var altså kjent då ordskiftet om budsjettet byrja 30. april. Framlegget, som òg vart vedteke 12. mai, lydde slik: "Regjeringen anmodes om at træffe fornøden Forføining til, at det norske Folkesprog som Skole- og offisielt Sprog sidestilles med vort almindelige Skrift- og Bogsprog."⁶ Den 6. mai kom innstillinga frå Budsjettkomiteen om nokre vitskaplege og litterære postar på statsbudsjettet, mellom anna tilskot til prøveomsetjingar av nytestamentlege skrifter til landsmål, ein opplysningsturne for målsaka og språkstipend til Ivar Aasen, Hans Ross, Chr. Vidsten og Moltke Moe.⁷ Hovuddraga frå innstillinga var kjende under ordskiftet 29.4.-2.5., og Stortinget tok då også prinsippdebatten om desse sakene.

Ordskiftet om tilskot til landsmålskurs byrja 29. april med at talsmannen for mindretalet i Kyrkjekomiteen, Jakob Aall Bonnevie (H), tok eit grundig prinsipielt oppgjer med målreisinga allment så vel som tilskot til kursa særskilt.⁸ Bonnevie, og hans meiningsfellar, gjorde det til ei hovudsak at landsmålskursa måtte sjåast som ein lekk i å opna for landsmål som ordinært undervisningsspråk i folkeskulen. Dette programmet hadde statsminister Sverdrup sjølv flagga hausten før. Kyrkjestatsråd Elias Blix og talsmennene for Venstre vart overrumpla og freista i byrjinga av ordskiftet å avgrensa det til saka som stod på sakskartet. Men då det ikkje gjekk, køyerde målfolka i Venstre òg fram den prinsipielle

⁵ Stort.ford. 1885. Indst. S. No. 92. Indstilling fra Kirkekomiteen angaaende Oplysningsvæsenets Understøttelsesfonds Særbudget, s. 285-286.

⁶ Stort.ford. 1885. Indst. S. No. 111. Indstilling fra Kirkekomiteen angaaende Repræsentanterne Juels, Liestøls og Fleres Forestilling om Folkemalets Ligestillen med Skriftsproget, s. 353-354.

⁷ Stort.ford. 1885. Indst. S. No. 159. Indstilling fra Budgetkomiteen angaaende Bevilgning til forskjellige videnskabelige og literære Formaal, s. 485-487.

⁸ St.tid. 1885, Forhandlinger i Storthinget, s. 509-513.

argumentasjonen og det grove skytset, og ein av dei fyrste talarane då ordskiftet heldt fram dagen etter, var statsminister Sverdrup som heldt si mest vidgjetne måltale.⁹

I debatten om sjølve jamstellingsvedtaket gjentok Høgre overrumplingstaktikken. Komiteleiar Johannes Steen (V) og fraksjonsleiar for mindretalet, Bonnevie, opna ordskiftet med å vera samde om at det ikkje trondgjennom nokon ny debatt sidan Stortinget nyleg hadde bruk tre dagar på målsaka.¹⁰ Då fleire Høgre-representantane likevel teikna seg til lange innlegg imot fleirtalsinnstillinga, sytte Venstre-fleirtalet imot Høgre sine røyster for å få utsett ordskiftet til neste møte med den grunngjevinga at "et Regjeringsmedlem" (Blix) måtte få høve til å vera til stades. Dermed kom det som må seiast å vera éin samla debatt om målspørsmålet til å gå over fem dagar denne vårsesjonen.¹¹ Alt i alt vart det halde 60 innlegg, 35 av landsmålsvenlege Venstre-representantar og 25 av kritiske Høgre-representantar.¹² 24 av dei 114 stortingsrepresentantane og to regjeringsmedlemer (Sverdrup og Blix) deltok i debattane.

Teoretiske og metodiske refleksjonar

Den fundamentale innsikta frå Maurice Halbwachs, som ligg til grunn for alle hovudretningar av minneteori, er at kollektivt minne er naudsynt for å konstituera ei kvar sosial gruppe og at minne har ein grunnleggjande kollektiv karakter.¹³ Dette dannar òg grunnlaget for Misztals definisjon av *kollektivt minne*: "Collective memory is defined as the representation of the past, both that shared by a group and that which is collectively commemorated, that enacts and gives substance to the group's identity, its present conditions and its vision of the future."¹⁴

Eit grunnleggjande utgangspunkt for min analyse er ei fleirdimensjonal oppfatning av *grupper* og *identitet* – éin identitet utelukkar ikkje ein annan. For det fyrste er det snakk om grupper på det nivået som ein tradisjonelt har fokusert på i målstriden allment og striden om jamstellingsvedtaket særskilt: dei to (eller tre) fløyene i målstriden, der det i vår samanheng då blir avgjerande å identifisera kollektive minne som fungerer konstituerande og

⁹ St.tid. 1885, Forhandlinger i Storthinget, s. 543-546, òg prenta i Haugland (red.) 1971, s. 197-206. Stortinget vedtok i 1892 å gje skulestyra høve til å innføra landsmål som opplæringsmål i folkeskulen etter at eit framlegg om det same hadde falle i 1889.

¹⁰ St.tid. 1885, Forhandlinger i Storthinget, s. 737.

¹¹ Det må leggjast til at det seinare i sesjonen òg vart grundig debatt om to andre saker som galdt målspørsmålet – stipenda til Bruhjell (5. juni, s. 1127-1141) og M. Moe (17. juni, s. 1448-1454). Men det kom ikkje fram noko prinsipielt nytt her som gjer det naudsynt å ta dei med i vår samanheng.

¹² Då har eg ikkje talt med innlegg til saksførehavinga eller svært korte replikkar som td. berre skulle ha ein oppklarande funksjon.

¹³ Halbwachs og Coser 1992, s. 37ff; Misztal 2003, s. 51.

¹⁴ Misztal 2003, s. 7.

identitetsskapande for dei ulike språkpolitiske gruppene. Eit anna viktig nivå blir det *nasjonale*. Språkstriden gjekk føre seg mellom ulike grupper av nordmenn og mellom to språkvarietetar innanfor den norske nasjonen. Den diskusjonen som blir analysert her, gjekk jamvel føre seg i nasjonalforsamlinga der ein skulle tru at medvitet om å tala på vegne av nasjonen, ikkje berre ei gruppe i nasjonen, stod ekstra sterkt. Stortingssalen utgjorde ein diskursfellesskap på tvers av ulike skilje i nasjonen, òg på det språklege feltet, og det blir såleis relevant både å spørja om kva kollektive minne som var med på å danna eit sams grunnlag for debatten.

Definisjonen til Misztal gjev vidare ein peikepinn på kva ein skal vera på utkikk etter, sjølv om avgrensinga er utfordrande: Det er snakk om representasjonar av fortida som både skal vera delte av ei gruppe og kollektivt memorerte, og minna skal ha ein funksjon både som byggjesteinar i identiteten til gruppa og som framtidsbilete. Det er såleis ikkje berre snakk om oppfatningar av fortida, men òg korleis fortida blir brukt til å skapa målsetjingar for og forventningar om framtida. Dermed blir òg det historiske medvitet om endring, kontinuitet og utvikling relevant å trekkja inn.

Eit anna metodisk spørsmål gjeld forholdet mellom passiv tradering og aktiv skaping av kollektivt minne. I stortingssalen står ikkje representantane berre som vidareformidlarar av historieforteljingar dei har fått annanstads frå, men kanskje like mykje som aktive forkjemparar og skaparar av *ei bestemt historieforteljing* som dei ynskjer å få gjennomslag for i tevling med andre. Her er det i utgangspunktet såleis ingen skilnad på historiesyn eller historieforteljingar, og på andre typar argument som debattantane kjempar for. Dette blir svært påtrengjande i ein stortingsdebatt der føremålet med å ta ordet er å få gjennomslag for eit bestemt syn, men prinsipielt skulle det ikkje vera nokon skilnad frå einkvar annan som formidlar eit kollektivt minne. Faren, og utfordringa, er at det blir vanskeleg å avgrensa ein analyse av kollektivt minne i ein slik stortingsdebatt frå ei meir tradisjonell argumentasjonsanalyse sidan svært mange argument vil ha eit innslag av, eller iallfall ein føresetnad i eit kollektivt minne. For utprøvinga sin del har eg difor heller valt ei vid framfor ei snever tolking.

Kor eigna er stortingsreferat for ein analyse som har utgangspunkt i minneteori? Det krev iallfall ein refleksjon over kva kjeldetype me har med å gjera. Stortingsreferata har for det fyrste både eit skriftleg og munnleg aspekt. Eit viktig munnleg aspekt ligg sjølvsagt i at dette er stenografiske referat av innlegg som er framførte frå talarstolen i Stortinget. For historikaren står dette fram som skriftlege kjelder ut ifrå at det einast er det prenta referatet som er tilgjengeleg i dag, iallfall frå den perioden det her er snakk om. Men det har òg eit

anna skriftleg aspekt: Alle hovudinnlegg var truleg formulerte skriftleg i meir eller mindre fullstendig manus før dei vart framførte frå talarstolen. Innslaget av spontan tale er såleis avgrensa til replikkar/korte innlegg og visse improvisasjonar i hovudinnlegga. I tillegg har talarane hatt dei stenografiske referata til kontroll før prenting, rett nok utan høve til å gjera vesentlege endringar. Alt i alt har me såleis med ein skriftleg-munnleg hybridsjanger å gjera. Det er i og for seg ikkje viktig for denne studien om kjeldene høyrer til ein skriftleg eller munnleg kategori. Det avgjerande er å få fram at innlegga som blir analyserte er ei blanding av til dels svært grundig førebudde og manusbaserte innlegg, og spontane replikkar der me kan gå ut ifrå at medvitet om dei historieforteljingane som eksplisitt og implisitt blir formidla, er svært varierande.

Eit anna spørsmål som kallar på kjeldekritisk refleksjon, er kva retorisk situasjon innlegga vart til i. Ein stortingsdebatt kan og må analyserast som instrumentell retorikk der talarane har noko klårt definert dei skal *oppnå*, og der historiske førestellingar som nemnt er ein av fleire typar argument som blir brukt. Kva er det så dei skal oppnå? I vårt tilfelle er det neppe primært å overtyda andre representantar for å sikra eit fleirtal, for alle visste på førehand korleis røystinga ville gå. Målsetjinga med innlegga var først og fremst å motivera standpunktene sine for ålmenta, mellom anna veljarane før stortingsvalet eit knapt halvår seinare. Denne situasjonen kan ha verka inn på språkbruken på fleire måtar.
Stortingsordskifta hadde ein svært offentleg karakter og vart ofte referert grundig i avisene, noko som truleg gjorde at representantane heldt seg meir i skinnet enn dei ville gjort på mindre offentlege arenaer (td. partimøte, organisasjonsmøte). Dels går dette på personkarakteristikkar og tendensiøs ordbruk, dels går det på at ein truleg tok færre sjansar når det galdt å framföra sakleg sett tvilsame påstandar. På hi sida var nok den offentlege karakteren til ordskifta med på å fremja bruken av spissformuleringar, ideologiske og programmatiske utsegner og ikkje minst ein språkbruk som tok sikte på appellera til veljargruppene og dei rørslene som representantane identifiserte seg med. Ein sentral del av grunngjevinga både for å vera for og imot dei aktuelle åtgjerdene på det språkpolitiske feltet vart motivert historisk, så alt i alt må me kunna gå ut ifrå at førestellingane om fortida som vart formidla, ikkje einast og heller ikkje først og fremst må tolkast på bakgrunn av diskursfellesskapen i stortingssalen.

Sams plattform: den naturlege utviklinga

Alle studiar av målstriden, inkludert denne, vil primært leggja vekta på det som skilde dei ulike aktørane og gruppene. Kanskje nettopp difor kan det vera eit poeng å spørja kva

førestellingar om språk og historie debattantane delte og som utgjorde eit sams grunnlag for måldebatten.

Noko av det mest iaugefallande er det grunnleggjande synet på språk som *dynamisk*, og ein del av omgrepkampen i stortingssalen galdt omgrepet *levande språk*. I det fyrste innlegget sitt der kyrkjeminister Elias Blix gjorde det han kunne for å torpedera eit prinsipielt ordskifte om målsaka, la han vekt på at lærarane skulle gjevast ”Øvelse og Færdighed i at undervise Bondebørn i Bygdemalet – ikke i lavede nye Sprog, vel at mærke, men i det levende Sprog.”¹⁵ Målmannen Hagbard Emanuel Berner (V, Akershus) framheva ”hvorledes det levende Sprog, Bygdemaalene gjør sig gjeldende ligeoverfor Skriftsprogene. Vi ser det i alle Sprog.”¹⁶ Omgrepet *levande* vart av både sider primært knytt til talemålet, slik til dømes ein av dei mest aktive tradisjonalistane,¹⁷ Frederik Wilhelm Bugge,¹⁸ gjorde når han nettopp stilte seg kritisk til at det skulle gjevast undervisning i landsmål fordi det var eit språk ”opstillet” av Ivar Aasen og ikkje fanst på folketunga som levande språk.¹⁹ Her lyt det nemnast at eit viktig bakteppe for ordskiftet var det *samrøystes* vedtaket i Stortinget i 1878 om at undervisninga i allmugeskulen så mykje som mogleg skulle føregå på ”børnenes eget Talesprog”.²⁰ Synet på det *levande* talemålet som det primære, var ei førestelling ingen utfordra eller sette seg over i ordskiftet. Som Emil Stang (H, Kristiania) slo fast: ”Det er en given Ting, at Talesproget maa respekteres; thi det raader ingen med.”²¹

Dette opna for svært ulike tolkingar, men éi førestelling var utbreidd: Endringar i talemålet måtte få konsekvensar for skriftspråket. Det måtte følgja ”den levende Talebrug”, sa Bugge, som elles vart kritisert av målfolket for å ha eit statisk syn på språk. Bonnevie sa det slik at ”Skriftsprøget er jo det synlige Tegn paa det levende, lydende Sprog” og la til det som var hans ærend der og då og som dei fleste landsmålsfolk òg kunne ha skrive under på, nemleg at ”det er aldri mulig, at dette synlige Tegn kan bringes til fuld Kongruens med det lydende Sprog.”²²

¹⁵ St.tid 1885, s. 515.

¹⁶ S. 569.

¹⁷ Eg brukar her ’tradisjonalisme’ om den språkpolitiske retninga som forsvarte det dansk-norske skriftmålet og gjekk imot aktiv støtte til landsmålet, altså det som var Høgre sitt standpunkt i denne stortingsdebatten.

¹⁸ F.W. Bugge var teologiprofessor og Høgre-representant frå Kristiania. Som eit kuriøst poeng kan det nemnast at han var son av Frederik Moltke Bugge, som frå posisjonen sin i Vitskapsselskapet i Trondheim var den viktigaste økonomiske støttespelarane til Ivar Aasen.

¹⁹ S. 521. I ein realhistorisk analyse måtte ein ha stilt spørsmålet, slik målfolk òg gjorde i debatten, i kor stor grad tradisjonalistane sin omsut for dialektane var eit vikarierande argument for å demma opp for landsmålet. Men i vår samanheng er det irrelevant.

²⁰ Framlegget frå regjeringa om tilskot til landsmålskurs for lærarar vart òg grunngjeve med at det skulle styrka gjennomføringa av 1878-vedtaket, sjølv om opposisjonen må gjevast rett i at ein vel så viktig motivasjon frå regjeringa - og sokjarane - var å bana veg for landsmålet.

²¹ S. 580.

²² S. 565.

At målfolket var oppteken av det levande talemålet som grunnlag, er knapt overraskande. Heilt sidan Aasen hadde sjølve hovudtanken i målreisinga vore at eit norsk skriftmål måtte byggja på levande talemål – dialektane. Eit viktigare spørsmål er korleis tradisjonalistane hadde enda på ei like sterk vektlegging av levande talemål. Synet på språket som ein levande organisme, kom med det romantiske språksynet og den historisk-komparative språkvitskapen alt tidleg på 1800-talet. Men den sterke vekta på *talemålet* som det primære, som eit naturfenomen utanfor den menneskelege viljen, var i fyrste rekkje eit produkt av junggrammatikken som braut gjennom i Noreg frå 1870-åra og framover.

At dette skulle koma så sterkt til uttrykk i måldebatten i Stortinget i 1885, må nok i stor grad tilskrivast Johan Storm, professor i romansk og engelsk filologi i Oslo frå 1873.²³ Frå denne posisjonen importerte han junggrammatikken til Noreg og vart banebrytande i moderne norsk og europeisk fonetikk og dialektforsking. Då han sist i 1870-åra kasta seg inn i målstriden, vart han raskt den fremste fagpersonen i den tradisjonalistiske leiren, og Høgre-representantane lånte både fagleg autoritet og argumentasjon frå han i stortingsdebattane i 1885. Då Studentersamfundet skipa til eit dobbeltmøte i februar 1885 om framlegga til jamstellingsvedtak og eit professorat i norsk folkemål, var Storm hovudinnleiar. Føredraget vart prenta, og poenga der går mykje att i stortingsordeskiftet.²⁴

Også når det galdt historisk endring meir generelt, var det ideen om den 'naturlege' utviklinga som dominerte. Ingen representantar står fram med historiefilosofiske resonnement i reindyrka form, og det kan vera noko vanskeleg å skilja kva som gjeld språkutvikling særskilt og historisk utvikling allment sidan det er ein språkdebatt. Dessutan var det eit vanleg debattknekp då som no å hevda at eins eiga sak vil vinna meir eller mindre av seg sjølv, som historias naturlege gang. Men i den grad eit meir allmenn historiefilosofisk retorikk kan identifiserast, er det snakk om ein klar positivistisk og deterministisk grunntone. Sterkast kom det til uttrykk i statsminister Sverdrups tale: "Den [målsaka] har en stor Fremtid for sig, den vil gaa fra Seier til Seier, indtil den bliver den norske Tunge."²⁵ Frå venstrehald vart dette knytt til ein liberalistisk grunntanke om fri vokster. Som Steen sa det:

²³ Den halvgløymde Storm har nyleg fått sin store forskarbiografi, som òg har eit omfattande kapittel om den språkpolitiske aktiviteten hans i Noreg (Linn 2004, s. 213-274).

²⁴ Storm 1885. Tre av innlegga frå debatten laurdagen etter vart òg prenta (Brun, m.fl. 1885). Om møtet, sjå elles Wallem 1916, bd. 2 s. 827. Føredraget til Storm bygde i stor grad på den fyrste store artikkelen hans om målspørsmålet nokre år tidlegare (Storm 1878), og dei same synspunkta vart følgde opp og utdjupa i dei største verka hans om landsmålet som kom i åra 1888-1903.

²⁵ S. 544

Her gives Anledning til en fri Udvikling af den Bevægelse, som har reist sig i Kraft af sin egen Sandhed og i Kraft af sin egen Magt inden Folket, og det er fra den Modsatte Kant, at der søgeres fastholdt kunstige Hindringer ved at nedlægge Forbud mod denne Virksomhed inden Skolens Felt og for den voxende Slægt. ... [det gjeld å] skabe Frihed til Væxt for, hvad der fortjener og hvad der er i stand til at skaffe sig Væxt.²⁶

Berner såg det ikkje berre som ei moralsk plikt for ein "ung Nation" å "optage igjen til fuld Hævd og Ære vort Fædremaal, men at det er saa at sige [er] blevet en Naturnødvendighed".²⁷

At ein finn ei positivistisk historieforståing i Venstre, er kanskje ikke så overraskande sidan positivismen stod sterkt i delar av den liberale rørsla. Til dømes hadde stortingsfleirtalet som seinare skulle bli Venstre, 11 år tidlegare brukta makta si til å gje Ernst Sars eit professorat ved Universitetet. Attåt å vera sentral venstreideolog, var han positivismens fremste talsmann i norsk historievitskap.²⁸ Det er også i Venstre-representantane sine innlegg ein mest konsekvent finn ei slik historieforståing. Men òg mellom representantane frå tradisjonalistane i Høgre finn ein dei same førestellingane. Karl Ludvig Tørrisen Bugge (H, Trondhjem og Levanger) meinte at det ville gå "fremover i Retning af en stadig større Fornorskning af Sproget; det mener jeg, er den naturlige Gang ... vort Sprog vil fortsætte sin paabegyndte Bevægelse".²⁹ Ole Roald Rynning (H, Drammen) gjorde det klårt at "Jeg tror, Sproget følger sine egne Love og ikke lader sig lede paa nogen Maade."³⁰ Oluf Andreas Laurentius Saxe (H, Hamar, Lillehammer og Gjøvik) meinte at "vi her har en Bevægelse i vort Folk, som jeg mener er sat igang og som underholdes af Folkets egen nationale Tankegang. Jeg mener derfor, at den vil sige frem Aar efter Aar," og denne rørsla måtte gå "sin egen Livsgang". Retorikken er svært lik Steens, men han drog motsett politisk konklusjon: Statsmaktene måtte la vera å gripa inn med landsmålsfremjande tiltak, for "paa den Maade udvikler Sagen sig naturlig".³¹

To tevlande historieforteljingar, eller tre?

²⁶ S. 562.

²⁷ S. 568.

²⁸ Utan at eg dermed tek stilling til i kva grad og på kva måte Sars var positivist, jf. drøftinga i Fulsås 1999, s. 103-132.

²⁹ S. 559-560.

³⁰ S. 573.

³¹ S. 535-536.

Flytter ein blikket frå det som samla til det som skilde, peikar det seg ut nokre ulike overordna historieforteljingar om norsk språk.

Statsministeren sjølv gjorde seg til den fremste talsmannen for landsmålsflokken. For Sverdrup var norsk språkhistorie ei nasjonal undertrykkings- og frigjeringsforteljing:

Dette Sprog [landsmålet] nedstammer i lige Linie fra vort Gamle norske Sprog, det Oldnorske, og det har Odelsmandens Ret til den norske Tunge; det har bevaret sig ned gjennem Tiderne, og det er ikke sammensmeltet med nogen Sprog, som er indført af erobrende Fremmede, saaledes som man har Exempler paa hos andre Nationer, hvor Sammensmelting af Folk og Sprog er foregaaet gjennem Tiderne. Det har været udsat for Tryk; men efterat dette Tryk var hævet, har det igjen fulgt Tygdens Love (...) og det underholdes af Folkets nationale Tankegang.³²

Lars Liestøl (V, Nedenes), initiativtakar til jamstellingsvedtaket, formulerte gullaldermyten endå klårare: Noreg hadde ein glimrande litteratur på gamalnorsk "indtil vi kom under dansk Herredømme og man tvang paa os et Maal, som ikke var vort eget." No har ein kome laus og byrja å reisa "de gamle Ættemærker i vort Land, og da tog vi paa at reise op igjen det gamle Maal, der har en Literatur, som ikke mange Lande har Magen til."³³ Målet som blir tala "udover Bondebygden, er en Arv fra den store Tid." Sverdrup understreka det folkelege med landsmålet med at det "er blevet til ved Arbeide af en Mand [Aasen], udgaaet ikke af de Lærdes Kreds, men af Folkets egen Midte".³⁴ Som nemnt var han ikkje i tvil om at landsmålet ville sigra. Dette var eit eksistensielt spørsmål for nasjonen, for "kun det Folk kan i Sandhed udføre sin Gjerning i Nationernes Række, som er sig selv. Og intet Folk er sig selv, som ikke eier et nationalt Sprog, som er dets Kulturmiddel og Udtrykket for, hvad der lever og rører sig i det."³⁵ Oppnorskingslina avviste han blankt og hevda at i folkeeventyra til Asbjørnsen og Moe, som mange framheva som eit føredøme for oppnorskninga, fann ein "det dansk-norske Sprog med alle dets Karaktermærker og Eiendommeligheder". I dette språket vart det servert nokre norske ord og vendingar til frukost, men det var òg alt.³⁶

Sjølv om tradisjonalistane tilbakeviste alle påstandar om at "Skriftsproget" var dansk, godtok dei fleste premissen om at det ikkje var fullnorsk. F.W. Bugge såg det ikkje som

³² S. 544.

³³ S. 566.

³⁴ S. 545.

³⁵ S. 546.

³⁶ S. 546.

usannsynleg at den danske karakteren til språket ville bli trengt endå mykje meir tilbake, for "vi ved allesammen, at der hos os foregaar en sterk Sprogbevægelse, som gaar i Retning af vort Skriftsprogs Fornorskning, og jeg for min Person siger etter: dette er mig ikke imod. Vi ved, at ved denne Bevægelse er vort Sprog allerede nu kommen saavidt langt bort fra det danske, at de Danske ikke længer kjendes ved det som sit."³⁷ Han presiserte at han kanskje gjekk vidare enn nokre av meiningsfellane sine då han vedgjekk "at der kan være Et og Andet at sige om dette Sprog, om dets Oprindelse og Karakter". Men det som talde for han, var at det trass alt var det einaste språket som batt landet saman, og at "vort Folk i materiel, aandelig og national Henseende har utviklet sig ganske godt med dette Sprog som Kultursprog."³⁸ Førestellinga om dansketida som vekstperiode talde for han såleis meir enn førestellinga om dansketida som nasjonal nedgangstid.

Det viktige for Bonnevie var at det dansk-norske *talemålet* ikkje var dansk, og om det var "fordansket Norsk eller fornorsk Dansk" var noko dei språklærde fekk avgjera, men "med Hensyn til Skriftsprøget kan jeg selvfølgelig ikke benægte, at der er der ingen væsentlig Forskjel mellom dansk Skriftsprøg, og hvad der er Skriftsprøg her hos os."³⁹ Den einaste som for alvor tok opp kampen for å kalla det rådande språket for "norsk", var Rynning. Han meinte dialektane kunne "berige (...) vort nuværende Skrift- og Talesprog, hvilket jeg tillader mig at kalde norsk; jeg paastaar ogsaa, at jeg taler norsk for Øieblikket. Den modsatte Paastand, at det ikke er norsk, synes mig at indeholde en Fornægtelse af vor hele aandelige Udvikling."⁴⁰

Sentrumsfløya i målspørsmålet hadde Berner og Daniel Sæter (V, Søndre Trondhjem) som fremste talsmenn. Dei talte og røysta for landsmålsframlegga, men med ei grunngjeving som veik ein del av frå målfolk som Sverdrup og Liestøl. Berner hadde bakgrunn frå målrørsla og var grunnleggjar og mangeårig formann i Det norske Samlaget (skipa 1868). Det målpolitiske ærendet hans var at målrørsla "skulde se, ikke med fiendtlige, men med venlige Øine paa den Sprogbestræbelse, for hvilken Knud Knudsen har været Hovedtalsmanden,"⁴¹ og at landsmålet måtte ta meir omsyn til austlands- og bydialektar. Han delte frigjeringsperspektivet ved å krevja at alle fekk "sit Fædremaal anerkjendt uden

³⁷ S. 524.

³⁸ S. 550.

³⁹ S. 565.

⁴⁰ S. 575.

⁴¹ S. 533.

den Tvang, som hidtil har hvilet derover,” men dette galdt “ikke alene Bønderne, men det norske Landsfolk i sin Helhed – og vel en stor Del af Byernes Befolkning med.”⁴²

Sæter konkluderte som Berner med at målfolk og Knudsen-folk burde samarbeida, men han var den fremste agitatoren for Knudsens målstrev i Stortinget og hadde dette som utgangspunkt. Ein kom heilt gale av stad dersom ein sa at ”der tales to forskjellige Sprog i vort Land, et paa Bygderne og et i Byerne, Bygdemalet er norsk og Bymaalet er dansk”. Tvert om var det slik at det ”norske Folks Maal foreligger i to Udgaver nu for Tiden, Bymaal og Bygdemaal, og er væsentlig det samme”.⁴³ Dette galdt talemalet, men at skriftspråket ”er dansk, kan ingen nægte”. Men løysinga låg ikkje i einsidig vekt på landsmålet, men ved at ”det Aasenske og det Knudsenske Maalstræv gaar Haand i Haand” og at talsmennene for dei to retningane såg kvarandre som ”hinandens Medarbeidere”.⁴⁴ Sæter og Berner plasserte seg her innanfor den brubyggjande og integrative kulturnasjonalismen som hadde Ernst Sars som fremste ideolog. Dette la grunnen for det som kring hundreårsskiftet stod klårare fram som samnorsklinia i språkpolitikken, då med Moltke Moe og seinare Halvdan Koht som dei fremste agitatorane.⁴⁵

Eksplisitte historiske tilbakesyn har berre ein liten plass i det lange ordskiftet, og det er ikkje så mange utsegner me har å byggja analysen på, heller ikkje når ein inkluderer det implisitte historiesynet som oftare kjem til uttrykk. Det står likevel temmeleg klårt at det blir presentert to hovudforteljingar av norsk språkhistorie. Den eine legg vekt på det danske (dansk-norske?) skriftmålet som utvekst og framandelement, og som ser landsmålet som den samtidige representanten for ei fullnorsk line i språkhistoria, frå gamalnorsk gjennom dialektane og til Ivar Aasen og landsmålet. Den andre forteljinga legg hovudvekta på den kulturelt verdfulle rolla ”Skriftsproget” har spela for nasjonen, særleg ved å framheva store norske forfattarar, og på at det er det einaste skriftlege uttrykksmidlet som bitt nasjonen saman i dag. Dansketida blir i denne versjonen ein periode for økonomisk og kulturell vekst meir enn eit uttrykk for nasjonal nedgang og audmjuking. Samstundes ser me konturane av ei tredje forteljing – samlingslina som ser verdfulle element i både tradisjonar og vil byggja

⁴² S. 568. Berner refererte til og støtta seg tungt på skulereformatoren Peter Chr. Voss, ein av grunnleggjarane av Aars og Voss’ skole i Kristiania. Han stilte seg positiv både til Aasens og Knudsens prosjekt og hadde stor autoritet då han i to artiklar argumenterte for at dialektar og landsmål burde koma sterkare inn i morsmålsopplæringa (Voss 1879, Voss 1885).

⁴³ S. 546.

⁴⁴ S. 547.

⁴⁵ Berner og Sars hadde alt i 1866-67 stått fram med desse synspunkta (Brun og Berner 1866, Birkeland og Sars 1867). Sjå elles Søilen 1983 og Fulsås 1999, s. 97f og 272ff, om Sars og målstriden, og Jonassen 1996 om Berner. Om linene frå Sars og Berner til Koht, sjå særleg Søilen 1978.

vidare på båe. Eit historisk kjernepunkt for denne retninga var at det norske målet òg hadde overlevd i bydialektane og bynære strok.

Likevel er det neppe nokon tvil om at debattantane heldt seg meir i skinnet enn det me ofte støyter på i det meir oppheta målordskiftet utanfor stortingssalen. Mellom linene i målfolka sine innlegg kling lèra som hadde Garborg som fremste talsmann om at det fanst to nasjonar i Noreg, ein norsk og ein dansk-norsk,⁴⁶ men synspunkta kjem ikkje skarpt til uttrykk. Høgre-representantane gjekk på si side langt i å vedgå at "Skriftsproget" ikkje var norsk nok og at det var ynskjeleg, iallfall på lengre sikt, at språket tok opp fleire norske drag. Så utbreidd er dette synspunktet at det er med på å utgjera ein sams plattform for ordskiftet.⁴⁷

Kor norske var austlandsmåla og bydialektane?

Tolkinga av den nære språkhistoria frå Ivar Aasen til 1885 spela ei framtredande rolle i debatten, og særleg stod striden om tolkinga av Aasens verk.

Tradisjonalistane la stor vekt på ei språkhistorisk forteljing der dialektane varierte svært mykje og knapt var gjensidig forståelege, og at det dermed var umogleg å konstruera ei samlande skriftleg norm for alle dialektar utan at det enda i kaos og forvirring. Mot dette la målfolka tilsvarande stor vekt på, som Aasen hadde gjort, at dialektane hadde ein sams struktur under overflata, at skilnadene var små, at det var enkelt for alle å kjenna att sitt eige målføre i landsmålet, og ikkje minst at dialektane samla utgjorde eitt språk, *norsk*, som skilde seg frå dansk. Det siste punktet var heilt avgjerande i og med at det var her legitimitet til eit sjølvstendig norsk skriftmål låg så lenge avstanden mellom norske dialektar og dansk skriftmål ikkje var større enn td. mellom høgtysk skriftmål og lågtyske dialektar, eit lingvistisk poeng tradisjonalistane utnytta til fulle.

Det mest diskuterte punktet når det galdt dialektane, og det mest problematiske for målfolka, var tilhøvet til bydialektane og austlandsmåla.⁴⁸ "Hidtil har Landsmaalet, i den Ivar Aasenske Form, hovedsagelig været sammensat af vestlandske Elementer," sa F.W. Bugge,⁴⁹ og poenget vart gjenteke i innlegg etter innlegg av Høgre-representantane.⁵⁰ Mot dette argumenterte målfolka for at landsmålet var like godt eigna for austlendingar og

⁴⁶ Garborg 1982 [1877].

⁴⁷ Det var nok ikkje uviktig for tradisjonalistane i Stortinget at Storm stod på dette standpunktet og hadde argumentert for ei oppnorsking "lidt etter lidt" på grunnlag av "det levende Sprogs Udvikling" (Storm 1885, s. 2).

⁴⁸ Den omfattande diskusjonen om Aasen-normalen faktisk var vestlandsk eller tok rimeleg omsyn til alle sentrale dialektgrupper, er ikkje tema her og skal få liggja.

⁴⁹ S. 550.

⁵⁰ Dette hadde òg vore eit av hovudpoenga til Storm.

"Nordlændinger"⁵¹ som for vestlendingar: Aasen tok òg omsyn til austlandsdialektane, mange landsmålsbøker var skrivne av austlendingar (td. Andreas Austlid), initiativa til landsmålskursa hadde kome frå Trøndelag og Austlandet, mange framståande målfolk var austlendingar, og det kom mange vitnemål om elevar og bønder på Austlandet som hadde møtt landsmålet i skrift og sett sambandet til sitt eige målføre.

Likevel greidde ikkje måfolka å løyna interne motsetnader på dette punktet.

Statsminister Sverdrup trakka rett i salaten i si store tale:

Men Et er ganske vist, at, forudsat at Sagen nyder Fremgang, at Sproget bliver dyrket med Held og Indsigt, at det vinder Terræn Aar for Aar, da vil det ogsaa vinde Indgang i de Kommuner, hvor der nu tales et slet Dansk-Norsk. Man taler om Dialektforskjellen. Man tænke sig vort nuværende Sprog, fastholdt som et sandt Landsmaal ... hvorledes vil da Dialektforskjellen stille sig, naar man søger at opretholde den slette dansk-norske Tunge, som for en stor Del er raadende paa Østlandet, ved Siden af de Bygdemaal, som tales paa Vestlandet og i Nordland?⁵²

Førestellinga om at norsk språk berre hadde overlevd på Vestlandet og i fjellbygdene på Austlandet, var svært gammal og var rådande i norsk språkforskning fram til midten av 1800-talet. Dette var styrande for Aasen, som først berre fekk stipend for å granska vestlandsmåla. Han fekk sjølv augo opp for det "norske" og "ægte" i dei andre dialektgruppene etter kvart, og oppdaginga av at det gamle norske målet fanst att i dialektane over heile landet, var ei av Aasens viktigaste tilskot til kunnskapen om norsk språk. Men bydialektar generelt og dei bynære dialektane på Austlandet særskilt vart aldri rehabiliterete av Aasen. Sverdrup formidla såleis òg eit syn som hadde solid støtte i den tidlege målrørsla. Gleda var sjølvsagt stor mellom Høgre-representantane i salen. F.W. Bugge kommenterte utsegna med at "Nu, jeg tænker Østlandsrepræsentanterne ligesom jeg takker i høi Grad for den Kompliment, vort Sprog her fik."⁵³

Dermed kom òg dei interne motsetnadene i målflokkene fram for fullt, og fleire Venstre-representantar fekk det travelt med å driva brannsløkking, men utan at dei ope kritiserte statsministeren. Berner gjorde det til ei viktig sak å forsvara austlandsdialektane og bydialektane som gode fullnorske dialektar. Han viste til språkforskaren Hans Ross som i ei

⁵¹ Inkludert trønderar.

⁵² S. 545.

⁵³ S. 549.

bok om ”vor Maalreisning [har] paavist, at selv vore Byers Almue taler væsentlig norsk Maalføre; han har paavist, hvorledes selv i Byernes Maal det karakteristiske for det norske Landsmaal fremdeles lyder.”⁵⁴ Berner karakteriserte sin eigen posisjon som at han ”tilhører saaledes paa en Maade, kan jeg sige, den mere demokratiske Fløi af Maalmændene, idet jeg vil, at man skal befri sig fra Grammatikens aristokratiske Overherredømme.”⁵⁵ Det impliserte at landsmålet øg måtte ta meir omsyn til austlandsdialektane enn det Aasen og hovudstraumen i målrørsla hadde gjort til no.

Karender Dieseth (V, Akershus) fann det øg naudsynt å forsvara austlandsmåla. Det kan ikkje ”siges om os Østlændinger, at vi ikke har Dialekter.” Rett nok hadde dei ingen stor rikdom på ord frå ”oldsproget”, men dei hadde tre kjønn, øg i Kristianiamålet, og diftongar – ”altsammen Mærker som tyder paa at ogsaa vore Dialekter nedstammer ikke fra det danske Sprog, men fra det gamle norske.”⁵⁶

I ordskiftet stod såleis eit eldre, tradert syn på austlands- og bydialektane, sterkest formidla av Sverdrup, imot eit nyare syn basert på moderne dialektologisk forsking. I åra etter hundreårsskiftet skulle dette nye synet på by- og austlandsdialektane få fullt gjennomslag, iallfall i dei dominante delane av måleliten.⁵⁷

”Hvad er dette saakaldte landsmaal?”

Eit hovudpunkt i argumentasjonen til Høgre-representantane var at landsmålet ikkje hadde ei fast form og at det dermed både praktisk-pedagogisk og kulturelt ikkje var mogleg eller forsvarleg å ta målet i bruk i skulen. I hovudinnleggset som opna heile ordskiftet 29. april, gjorde Bonnevie dette til hovudsaka i argumentasjonen. Den faglege ammunisjonen var på dette punktet levert av Storm, som fleire talarar òg refererte til. F.W. Bugge var den som mest eksplisitt stødde seg til Storm. Landsmålet var ”oprindelig i Femtiaarene ... ’opstillet’, som det med et karakteristisk Udtryk heder, af Ivar Aasen. Men efter den Tid har man faaet flere Former af Landsmaalet: ’Dølens’ Form, som ikke ganske følger Ivar Aasens Maal, Høyems Form, der meget væsentlig fraviger Aasens, ’Frams’, ’Fedraheimens’ og en Flerhed af Former for Landsmaalet, som allesammen hævder sig dette Navn,” sa Bugge.⁵⁸ Det fanst knapt to forfattarar som skreiv same landsmålsform, vart det hevda av fleire.

⁵⁴ S. 570. Berner siktat truleg til Ross 1878: ”Selv vore byers almue taler væsentlig norske maalfører, med undtagelse af den ældre slægt af almuen i Bergen og, i mindre mon, i Kristianssand. Med denne undtagelse har byalmuen, ligesom landsfolket, den norske sprogeiendommelighed med tre kjøn ...” (s. 11)

⁵⁵ S. 569.

⁵⁶ S. 576.

⁵⁷ Almenningen, m.fl. 2003, s. 65ff; Jahr 1984, s. 121ff.

⁵⁸ S. 521.

At førestellinga om landsmålet som eit skriftmål med stor variasjon stod svært sterkt, ser ein på reaksjonane frå landsmålstilhengjarane, som dels stod i motstrid til kvarandre. Den eine strategien var å avvisa påstandane om stort sprik og leggja vekta på at mellom ytterfløyane i landsmållitteraturen ”er der ikke saa stor forskjel, som mellem vore to moderne Forfattere, Bjørnson og Kielland.”⁵⁹ Samstundes la ein framståande målmann – og oppnorskingstilhengjar – som Berner, vekt på at Ivar Aasen ikkje hadde teke nok omsyn til austlandsdialektane og at det framleis trøngst monalege endringar i landsmålsnorma for at ho skulle bli eit fullgodt skriftmål for heile nasjonen.⁶⁰

Den andre strategien var å knyta variasjonen i landsmålet meir prinsipielt til førestellinga om det dynamiske ved språk. Sjølv om debattantane som nemnt delte dette utgangspunktet i teorien, drog dei svært ulike politiske konsekvensar av det. F.W. Bugge hevda at fyrst når ”der foreligger et virkelig ferdigt Sprog, først da er Tiden kommen til at inføre det i Skolen,”⁶¹ og dette poenget var ein gjengangar i debatten. Steen gjekk imot dette ved å visa til at det var ein ”Fornægtelse af, at der findes levende Sprog. Thi der er intet afsluttet og ferdigt Sprog. Sproget er en levende Organisme, som til enhver Tid er i Udvikling.”⁶² Men tradisjonalistane drog stikk motsett konklusjon av det dynamiske språksynet. Det var det dansk-norske skriftspråket som etter deira meinings hadde vokse naturleg fram på grunnlag av det levande talemålet og stadig var i rørsle, medan landsmålet var eit konstruert språk utan direkte samband til noko levande talemål. Skulle borna verkeleg få undervisning i ”et lavet Sprog, i et Sprog, som ikke er noget levende Sprog, i et Sprog, som tales af saagodtsom ingen, skrives af ganske faa og af disse i indbyrdes afgivende Former?”, spurde F.W. Bugge.⁶³ Nettopp ideen om landsmålet som eit konstruert språk, i motsetnad til dansk-norsk som naturleg hadde vokse fram, stod sentralt i den tradisjonalistiske agitasjonen saman påstandane om stor normvariasjon for å prova at landsmålet var ueigna som undervisningsspråk.⁶⁴

Avslutning: minneteori og måldebatt

Barbara A. Misztal har delt inn litteraturen om kollektivt minne i fire teoretiske hovudretningar.⁶⁵ Den fyrste, arbeidet til Halbwachs, kan mest reknast som ei fyrste opning

⁵⁹ Ole Anton Qvam, s. 561.

⁶⁰ Td. s. 532f.

⁶¹ S. 534.

⁶² S. 527.

⁶³ S. 523.

⁶⁴ Også for Storm var eit prinsipielt skilje mellom ”et virkelig Sprog og et Kunstsprog” sentralt (Storm 1885, s. 4).

⁶⁵ Misztal 2003, kap. 3.

av feltet og eit grunnlag for dei hine, så eg held meg til dei tre retningane som Misztal har gjeve nemningane "the presentist memory approach", "the popular memory approach" og "the dynamics of memory approach". Den dynamiske modellen er Misztals eigen posisjon og den ho leiar lesaren mot, og han er så open og fleksibel, men samstundes lite tydeleg, at det knapt er mogleg å vera kritisk til han.⁶⁶

Den presentistiske retninga har særleg vore knytt til Eric Hobsbawm og 'invention of tradition'-forskinga som særleg har stått sterkt innanfor nasjonalismeteorien. Vekta blir lagt på at tradisjonar blir valde ut og til dels oppfunne (som den skotske kilten) for å tilfredsstilla samtidige behov, som særleg er knytte til elitens ynske om konsolidering av hegemoni og kontroll over massane i det moderne gjennombrotet. "The popular memory approach" har mykje av det same konstruktivistiske utgangspunktet, men gjort eit hovudpoeng av at kollektivt minne òg kan konstruerast nedanfrå, som 'mot-minne', 'folkelege minne', 'opposisjonelle minne', 'uoffisielle minne' eller liknande. Slik kan dei bli ein maktfaktor også for dei som ikkje kjem til orde, til dømes for arbeidarrørsla i etableringsfasen eller undertrykte minoritetar som utviklar separatisme.⁶⁷

Å stilla seg kritisk til desse retningane minner stygt om å sparka inn opne dører. Likevel: ingen av dei er særleg råkande for kampen om det kollektive minnet om norsk språk i 1880-åra, slik det kom til uttrykk i Stortinget i 1885. Her var inga gruppering som suverent kunne utøva hegemonisk kontroll over det kollektive minnet og bruka det til å disciplinera massane i språkspørsmålet. Det rådande synet, fremja av den konservative embetsmannsstaten, vart alvorleg utfordra alt i 1850-åra, og ein alternativ Venstre-ideologi er i ferd med å få overtaket midt i 1880-åra. Slik sett er det eit døme på at "counter-memory can be transformed, as it increases its popularity, into a dominant discourse", slik det me kanskje kan kalla 'folkelege minne-retninga' legg vekt på.⁶⁸ Men i kva grad ein kan snakka om at utfordringa kom frå eit kollektivt minne "nedanfrå" i 1885, er eit ope spørsmål. Venstre-forteljinga om norsk språk var utvikla i intellektuelle elite-krinsar, rett nok som ein ideologi med sterk vekt på det folkelege og demokratiserande, og var i 1880-åra berre i startgropa når det galdt folkeleg oppslutnad. Det var i 1885 fyrst og fremst snakk om ei tevling mellom ulike former for kollektivt minne mellom ulike elitegrupper, ikkje mellom 'elite' og 'folk'. Ei anna sak er det at det var stor skilnad i status på den tradisjonelle eliten av embetsmenn og

⁶⁶ Misztal omtalar sjølv retninga som "still without a clear focus" (s. 73).

⁶⁷ Som eit reindyrka norsk døme, rett nok frå ein tidlegare periode, ligg det nær å tenkja på segna om Orvar-Odd som motiverte til fleire bondeopprør og kanskje var verksam heilt til Thrane-opprøret sist i 1840-åra, jf. Fløgstad 1994.

⁶⁸ Misztal 2003, s. 66.

storborgarar, og dei 'organiske intellektuelle' med bondebakgrunn som hadde slege seg opp, ofte gjennom lærargjerninga, til å bli leiande lokalpolitikarar og i nokre tilfelle rikspolitikarar.

Dette leiar over til eit hovudpoeng innanfor den dynamiske minneteorien som mitt tilfang står opp under, nemleg at minne er ein kontinuerleg forhandlingsprosess der det er klare grenser for den makta aktørar i samtidar har når det gjeld å forma minne om fortida i tråd med eigne interesser.⁶⁹ Eit godt døme er spørsmålet om det offisielle skriftmålet (før 1885) var dansk eller norsk eller noko anna. Etter ein omfattande debatt hadde det offisielle og det hegemoniske synet i Noreg i fyrste halvdel av 1800-talet vore at skriftmålet var 'norsk' og fortente denne nemninga, sjølv om det var same skriftmål som i Danmark. Etter det språkvitskaplege gjennombrotet kring 1850 med P.A. Munch, R. Unger og I. Aasen, og den følgjande målstriden, vart dette synet utfordra.⁷⁰ Og trass i at Noreg og Danmark hadde byrja å skilja språkleg lag ved at særlandske ord og vendingar vart mindre vanlege og særnorske meir vanlege i skriftmålet i Noreg utover 1800-talet,⁷¹ var stoda den i 1885 at tradisjonalistane ikkje lenger stod hardt på at skriftmålet var 'norsk'. Nemninga mange tradisjonalistar sjølv brukte i stortingsordskiftet, var 'dansk-norsk', og som me har sett, var det brei semje om at ei eller anna form for oppnorsking var ynskjeleg.

Til slutt: kva har minneteorien tilført i analysen av måldebatten i Stortinget i 1885? Det hadde nok vore enklare å ta utgangspunkt i tekstar som gav meir rom for formidling av historieforteljing og historieteori enn det som knappe stortingsinnlegg kan romma. Likevel er éin stor styrke med denne innfallsvinkelen tydeleg: han har skapt eit sterkare fokus på det sams grunnlaget for den diskursive fellesskapen – det ein var samd om – enn ei tradisjonell konfliktorientert historisk tilnærming ofte gjer.

Litteratur

- Almenningen, Olaf, m.fl. (2003). *Studentar i målstrid. Studentmållaget i Oslo 1900-2000*. Oslo: Samlaget.
- Birkeland, M. og Johan Ernst Sars. (1867). *To Foredrag om Skandinavisme og Norskhet*. Christiania: Studentersamfundets Forlag.
- Brun, Kristofer og Haghbart Emanuel Berner. (1866). *To Foredrag om Maalsagen holdte i Studentersamfundet under Discussionerne Lørdagene den 27 October og 3 November 1866*. Christiania: Studentersamfundet.

⁶⁹ Misztal 2003, s. 67, som refererer M. Schudson.

⁷⁰ Hoel 1996, s. 381ff.

⁷¹ Eit poeng Storm 1885 framhevar og underbyggjer.

- Brun, Kristoffer, Ludvig Daae og Nils Hertzberg. (1885). *Om maalsagen. Diskussion i Studentersamfundet. Lørdag den 28de Februar.* Christiania: Studentersamfundets Bestyrelse.
- Fløgstad, Kjartan. (1994). *Ved Roma port.* Oslo: Samlaget.
- Fulsås, Narve. (1999). *Historie og nasjon. Ernst Sars og striden om norsk kultur.* Oslo: Universitetsforlaget.
- Garborg, Arne. (1982 [1877]). *Den ny-norske sprog- og nationalitetsbevægelse. Et forsøg paa en omfattende redegjørelse, formet som polemiske sendebreve til modstræverne.* [Oslo]: Noregs boklag.
- Halbwachs, Maurice og Lewis A. Coser. (1992). *On collective memory.* The Heritage of sociology. Chicago: University of Chicago Press.
- Haugland, Kjell. (1974). Ei pressgruppe tek form. Målørsla og Venstrepartiet 1883-1885. *Historisk Tidsskrift*, (nr. 2), s. 148-182.
- Haugland, Kjell. (1985). *Striden om skulespråket. Frå 1860-åra til 1902.* Oslo: Samlaget.
- Haugland, Kjell (red.). (1971). *Målpolitiske dokument 1864-1885. Ei folkerørsle blir til.* Oslo: Samlaget.
- Hoel, Oddmund Løkensgard. (1996). *Nasjonalisme i norsk målstrid 1848-1865.* KULTs skriftserie nr 51. Oslo: Noregs forskingsråd.
- Jahr, Ernst Håkon. (1984). *Talemålet i skolen. En studie av drøftinger og bestemmelser om muntlig språkbruk i folkeskolen (fra 1874 til 1925).* Oslo: Novus.
- Jonassen, Mari. (1996). *Tanke og taktikk. H.E. Berners politiske utvikling i lys av målsak og kvinnesak.* Hovedoppgave i historie. Universitetet i Oslo.
- Linn, Andrew Robert. (2004). *Johan Storm. Dhi grétest præktikal liNgwist in dhi werld.* Publications of the Philological Society 38. Oxford: Blackwell.
- Misztal, Barbara A. (2003). *Theories of social remembering. Theorizing society.* Buckingham: Open University Press.
- Ross, Hans. (1878). *Maalreisningen her hjemme. Belyst fra udlandet.* Stavanger.
- Storm, Johan. (1878). Det norske Maalstræv. *Nordisk tidskrift för vetenskap, konst och industri*, s. 407-430 og 526-550.
- Storm, Johan. (1885). *Om Maalsagen. Foredrag bestemt til at indlede en Diskussion i Studentersamfundet Lørdag den 21de Febr. 1885.* Christiania: Studentersamfundet.
- Søilen, Oddmund. (1978). *Halvdan Koht. Språk og historie. En undersøkelse av Halvdan Kohts målpolitikk og målreisningsarbeid.* Hovudoppgåve i nordisk språk. Universitetet i Bergen.
- Søilen, Oddmund. (1983). J.E. Sars og norsk språkhistorie. *Maal og minne*, (nr. 1-2), s. 60-81.
- Voss, Peter Christiansen. (1879). Er vort folkesprog vor høiere almueskole absolut uvedkommende? *Vor ungdom. Tidsskrift for opdragelse og undervisning*, s. 171-182.
- Voss, Peter Christiansen. (1885). Det norske maalstræv. *Vor ungdom. Tidsskrift for opdragelse og undervisning*, s. 63-91.
- Wallem, Fredrik B. (1916). *Det norske studentersamfund gjennem hundrede aar. 1813 - 2. oktober - 1913.* Kristiania: Aschehoug.